

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 31.05.2023  
**SAKSHANDSAMAR:** Vidar Vie/Anne Kristin Kleiven  
**SAKA GJELD:** **Statusrapport om prosjekt i Helse Førde**

**ARKIVSAK:** 2020/9680

**STYRET:**  
Styret i Helse Førde HF

**MØTEDATO:**  
21.06.2023

**STYRESAK:**  
044/2023

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek rapportering om status prosjektportefølje til vitende.


## Oppsummering

Ferdigstilling av Livabygget ligg eitt år fram i tid. Framdrift i dei mange prosjekta i Pasientens helseteneste, og koordinering mellom dei og Nye Førde sjukehus, er hovudfokuset i prosjektporteføljen.

## Fakta

Prosjektaktiviteten i Helse Førde er i hovudsak knytt til organisasjonsutviklingsprosjekta i Pasientens Helseteneste og ferdigstillinga av Livabygget i Nye Førde sjukehus.

Figuren under syner framdriftsplanen for prosjekta i Pasientens helseteneste og ferdiggjeringa av Liva-bygget. Prosjekta i det grå feltet arbeider heilt eller delvis med drifta som skal inn i bygget, medan prosjekt i det mørkare feltet under arbeider med aktivitetar som har nær tilknytning eller er nødvendig støtte for dei som skal inn i bygget.



Eit av hovudfokusa for prosjekta som arbeider med tenestene som skal inn i Livabygget er å utarbeide framtidige driftsmodellar. Dette skal vere klart til 1. oktober og målet er å kunne innarbeide endringane til budsjettet for 2024.

I tillegg til at dei mange OU-prosjekta, som omfattar det meste av dei somatiske klinikkane, skal tilpasse aktivitetane til Nye Førde sjukehus, så skal dei også koordinere aktivitetar og planar seg i mellom. Manglande koordinering er trekt fram som ein risiko i programmet og det er sett i verk fleire tiltak for å redusere risikoen. Programmet peikar også på at

organisasjonen treng tid til å utvikle og forankre endringar i arbeidsmåtar og å øve på dei før innflytting. Også på det punktet er det planlagt risikoreduserande tiltak.

Gjennomgåande viser rapporteringa frå prosjekta, både Pasientens helseteneste og Nye Førde sjukehus, framdrift som planlagt.

Dei store regionale IKT-prosjekta har utgjort ein stor del av prosjektporteføljen i Helse Førde dei siste åra. Spesielt gjennom programma Alle Møter, Heliks (Dips Arena og Kule), og Libra (økonomi- og logistikkssystem). Libra har gått over til forvaltning og attverande prosjektaktivitetar blir handtert regionalt. Det same skjer gradvis med Heliks. I begge tilfelle med aktiv lokal deltaking frå føretaka både i forvaltning og vidare utvikling.

Samtidig som dei store systeminnføringane jamt over er gjennomførte, så er det vedteke ein ny struktur for digitalisering i Helse Vest. I korte trekk betyr den at IKT blir delt opp i område; pasientbehandling, økonomi/forsyning, infrastruktur for sjukehusdrift og HR. Kvart område får eit styre med representasjon frå alle føretaka, og skal ha ansvar for både drift/forvaltning og vidare utvikling/prosjekt. Modellen skal gradvis operasjoniserast utover året og vere fullt ut på plass ved nyttår.

## **Kommentarar**

Det vert arbeidd godt med dei mange prosjekta i Pasientens helseteneste, men det er likevel eit krevjande arbeid som skal gjennomførast til innflyttinga i Liva-bygget om eit år. Det handlar både om utvikling av tenestene, omstillingar og endringar i organisasjonen og om å treffe rett nivå økonomisk.

Til 1. oktober skal det vere utarbeidd driftsmodellar for dei einingane som skal inn i nybygget. Det er nødvendig for å sikre at budsjett og planar heng saman i framtida. Sengepostprosjektet som skal bruke det meste av bygget har kome langt på veg våren 2023.

Det omfattande arbeidet som skal gjerast det neste året krev god koordinering og at avgjerder blir tekne i rett rekkefølge og til rett tid. Det er knytt risiko til eit slikt arbeid, men administrerande direktør meiner det god kontroll på aktivitetane.

Den andre hovuddelen av prosjektaktivitetane; IKT-området, går inn i ein ny fase det komande året. Å smelte saman forvaltning/drift og vidare utvikling/prosjekt, og å la dei same personane styre og prioritere desse aktivitetane synest fornuftig. Særskilt innan økonomi og logistikk er praksis slik i dag.

Samtidig vil den nye modellen krev at det blir etablert gode arenaer og verktøy, mellom anna for informasjonsdeling, transparens og ressursfordeling mellom områda. Det er naturleg å arbeide med å få desse på plass, både regionalt og lokalt, utover i 2023.

## **Konklusjon**

Arbeidet i Pasientens helseteneste og Nye Førde sjukehus har framdrift som planlagt. Prosjekta i Pasientens helseteneste står framfor viktige aktivitetar det komande året.

Vedlegg:  
Prosjektstatus 1. tertial 2023